

Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 02.10.2025, 19:00

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2025-21

Til stades: Olga Slettebø Gilje (leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Inge Norland Brekke (Prest), Sverre Undheim (sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem), Else Fjermestad (Varamedlem)

Forfall: Leif Hadland (Prest), Jarle Gilje (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem)

Protokollfører: Sverre Undheim

Sokneprest i Ålgård menigeht, Leif Inge Norland Brekke er vara for Leif Hadland.

Sakslista

Faste Saker

045/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

046/25 Offerliste våren 2026

047/25 Økonomi andre tertial

048/25 Juleverkstad 2025

049/25 Høyringar prostigrener

050/25 Kyrkjetenar i soknet

051/25 Penger til ny logo til Gjesdal sokn

052/25 Strategiplan Gjesdal sokn

Orienteringssaker

00031 Gudsteneste Kyllingstad

00032 Nytt frå stab

00033 Midler frå Bispedømmet til ungdommer/unge vaksne.

Olga Slettebø Gilje
leiar

Sverre Undheim
sekretær

045/25 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	045/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

046/25 Offerliste våren 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	046/25

Saksframlegg

Sokneprest og dagleg leiar har utarbeida eit forslag til offerliste for våren 2026. Nytt for året er at med gjer offer til Bibelselskapet den 8. februar, Sjømannssundag, som er Bibeldagen.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt offerliste.

Vedtak

Soknerådet vedtek vedlagt offerliste.

047/25 Økonomi andre tertial

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	047/25

Saksframlegg

Vedlagt er rekneskapsrapport for Gjesdal sokn 2. tertial 2025.
Soknerådet ligg godt an i forhold til budsjett.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek rekneskapsrapporten til orientering og gjer ingen budsjettendringar.

Vedtak

Soknerådet tek rekneskapsrapporten til orientering og gjer ingen budsjettendringar.

048/25 Juleverkstad 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	048/25

Saksframlegg

Juleverkstaden i fjor var ein suksess, så nå håper staben i Gjesdal sokn at soknerådet kan vera med å arrangere juleverkstad i år og.
Stabe føreslår 4. desember 17:00 - 18:30.

Forslag til vedtak

Soknerådet ynskjer å arrangere juletreffest 4. desember.

Møtebehandling

Etter eit vellukka arrangement i fjor ynskjer soknerådet å arrangere juleverkstad saman med stab i år og. Det er planlagt juleavslutning for jubelgjengen den torsdagen, men det samkjører me.

Vedtak

Soknerådet ynskjer å arrangere juleverkstad 4. desember.

049/25 Høyringar prostigrenser

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	049/25

Saksframlegg

Sokneråda i bispedømmets fellesråd er invitert til å gje innspel til høyringa vedr nye prostigrenser.

Vedlagt er det høyringsbrevet og den rapporten som bispedømmerådet har sendt ut som høringsdokumenter.

I tillegg får dykk eit alternativ til prostiindeling og forslag til svar på høyringsspørsmåla.

Bispedømmerådet har altså sedt ut ei høyringssak vedr forslag til ny prostiindeling i bispedømmet.

Denne justeringa gjelder i flg forslaget kun sør for Boknafjorden, og Jæren prosti føreslås delt, slik at Gjesdal og Hå flyttast sørover og slås saman med Dalane prosti, mens Time og Klepp føreslås å bli slått saman med Sola, Randaberg og Kvitsøy.

Kyrkjevergen i Hå har utarbeida eit alternativt forslag, noko bearbeida i møte med «G4»; alle kyrkjeverger og prost i Jæren prosti. Dette alternativet føreslår for Jærens del fylgjande:

Klepp, Time og Hå slås saman med Dalane prosti.

Gjesdal og Sola slås saman med Sandnes prosti.

Dette alternative forslaget synes kyrkjevergen er mykje betre, så det blir dette forslaget – saman med forslaget til høyringssvar – som han kjem til å legge fram for fellesrådet til behandling 30.oktober. (Fristen for høyringssvaret er same dag).

Forslag til vedtak

Soknerådet stiller seg bak forslaget til kyrkjevergene i Jæren prosti, og ber dagleg leiar sende inn høyringssvar på vegne av soknerådet.

Vedtak

Soknerådet stiller seg bak forslaget til kyrkjevergene i Jæren prosti, og ber dagleg leiar sende inn høyringssvar på vegne av soknerådet.

050/25 Kyrkjetenar i soknet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	050/25

Saksframlegg

Som ein del av strategiarbeidet til soknerådet ynskjer me å ha fleire gudstenester i løpet av året. Då treng med midler til å leige inn prest. Kan me klare å ordne frivillige kyrkjetenarar for å frigje midler til å lønne prest?

Forslag til vedtak

Soknerådet ynskjer å diskutera med fellesrådet om å bruke frivillige til kyrkjetenaroppgåvene i gudsteneste for å frigje midler til å styrke økonomien i soknet. Jamfør strategiarbeidet vårt.

Møtebehandling

Soknerådet er bekymra for at det vert soknerådet som må stille som kyrkjetenarar, og tenkjer at det er urealistisk å finne frivillige til å vere kyrkjetenar.

Vedtak

Soknerådet er positive til ideen, men ynskjer ikkje at det skal vere ei oppgåve som er tillagt soknerådsmedlemmane. Vidare vil soknerådet veta om det er mogleg å få frigitt midler frå fellesrådet.

051/25 Penger til ny logo til Gjesdal sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	051/25

Saksframlegg

Dagleg leiar søker soknerådet om å få bruke inntil 10.000kr på å få laga ein ny logo til Gjesdal sokn. Dette er i tråd med strategiarbeidet denne hausten. Visjonen til soknet skal inn i denne logoen. Staben arbeider med å strukturere og effektivisere kommunikasjonen ut i soknet, og då er det viktig med ein tydeleg grafisk profil som er gjenkjenneleg.

Forslag til vedtak

Soknerådet innvilger søknaden og ynskjer staben lukke til i arbeidet med å strukturere og effektivisere kommunikasjonen ut i soknet.

Vedtak

Soknerådet innvilger søknaden og ynskjer staben lukke til i arbeidet med å strukturere og effektivisere kommunikasjonen ut i soknet.

052/25 Strategiplan Gjesdal sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	02.10.2025	052/25

Saksframlegg

Soknerådet planla sist møte å forstette arbeidet med strategiplanen dette møtet også. Vedlagt er notater frå sist møte. Me fortsett der me slutta sist.

Forslag til vedtak

Soknerådet avslutter det ordinære møtet og arbeider vidare med strategiplanen.

Vedtak

Soknerådet avslutter det ordinære møtet og arbeider vidare med strategiplanen.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	02.10.2025	00031

00031 Gudsteneste Kyllingstad

Informasjon

Den årlege gudstenesta på Kyllingstad er flytta frå 14. desember til 21. desember.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	02.10.2025	00032

00032 Nytt frå stab

Informasjon

Kyrkjetenarane i Dirdal, Ann-Magritt og Eivind Haaland har sagt opp. Dei jobber ut november.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	02.10.2025	00033

00033 Midler frå Bispedømmet til ungdommer/unge vaksne.

Informasjon

Bispedømmet har lyst ut prosjektmidler som skal nyttast til å starte eller styrke prosjekt for ungdom eller unge vaksne.